

Arkivreferanse: 2021/1255
Ansvarleg direktør: Heidi Nilsen
Saksbehandlar: Ketil Gaupset

SAKSFRAMLEGG

Saksnummer **Møtedato** **Utval**

Styret i Helse Møre og Romsdal HF

Sjukehuset Nordmøre og Romsdal – Ny kontrakts- og gjennomføringsmodell for akuttsjukehuset på Hjelset og oppdatert mandat prosjektstyret SNR

Vedlegg

1. *Oppdatert mandat for Prosjektstyret SNR – Kontraherings- og gjennomføringsfase, versjon 4.0*

Forslag til vedtak:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner ny kontrakts- og gjennomføringsmodell for akuttsjukehuset på Hjelset som i hovudsak inneber sidestilte entreprisar.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal HF gir adm. direktør fullmakt til å gjere nødvendige endringar og justeringar innafor hovudlinene i kontrakts- og gjennomføringsmodellen.
3. Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner oppdatert mandat for prosjektstyret SNR

Ålesund, 24.02.2021

Øyvind Bakke
adm. direktør

Saksutgreiing:

1. Føremål med styresaka

Føremålet med denne styresaka er å følgje opp vedtaket gjort av styret i sak 2/21 og i sak 13/21 for å sikre framdrift i realiseringa av Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR).

I denne saka blir styret bedt om å vedta ny kontrakts- og gjennomføringsmodell for akuttstjukehuset på Hjelset. I tillegg blir styret bedt om å vedta oppdatert mandat for prosjektstyret SNR.

2. Bakgrunn

Styret for Helse Møre og Romsdal gjorde i styremøte 12.09.18 (sak 39/2018) vedtak om entreprisemodell for SNR som innebar ein totalentreprise med samhandling. Etter at styret i styremøtet 21.01.21 (sak 2/21) vedtok å avlyse resterande arbeid i kontrakten med Skanska, må styret vedta ny gjennomføringsmodell for SNR-prosjektet (akuttstjukehuset på Hjelset).

I møtet 21.01.21 gjorde styret i Helse Møre og Romsdal følgjande vedtak i sak 2/21:

1. *Styret for Helse Møre og Romsdal HF slår fast at SNR skal realiserast i tråd med det konseptet som er utvikla i samhandlingsfasen.*
2. *Styret for Helse Møre og Romsdal HF registrerer at føretaket ikkje har vorte samde med Skanska Norge AS om pristilbod og ber adm. direktør avbestille resterande arbeid i kontrakten som er inngått 22.10.2019. Denne avbestillinga gjeld ikkje bestillingane knytt til rigg- og førebuande arbeid datert 12.11.2020.*
3. *Styret for Helse Møre og Romsdal HF ber adm. direktør ved prosjektstyret for SNR om at det vert utarbeidd ny gjennomføringsmodell for prosjektet som blir lagt fram for styret for godkjenning.*
4. *Styret ber adm. direktør legge frem ein ny fullmaktsstruktur for prosjektet.*
5. *Styret for Helse Møre og Romsdal HF ber adm. direktør sikre god framdrift og at ein kjem i gang med grunnarbeidet så raskt som mogleg. Styret ber om å bli haldt jamleg orientert.*
6. *Styret for Helse Møre og Romsdal HF vedtar ei ny ramme for HMR (P-70) for prosjektet på 5,8 mrd. Kroner (september 2020-kroner). Styret vil også anbefale HMN å ta høgde for ei kostnadsramme (P-85) på 5,95 mrd. kroner (september 2020-kroner).*
7. *Styret for Helse Møre og Romsdal HF ber Helse Midt-Norge RHF om ei auka låneramma med 590 mill. kroner og at 220 mill. kroner finansierast gjennom sal av eigedom. Totalt 5,95 mrd. kroner (P-85, september 2020-kroner).*
8. *Styret for Helse Møre og Romsdal HF sender over vedtakspunkt 6 og 7 i saka til Helse Midt-Norge RHF og ber om godkjenning.*

I møtet 27.01.21 gjorde styret i Helse Møre og Romsdal følgjande vedtak i sak 13/21:

1. *Styret for Helse Møre og Romsdal HF gir si tilslutning til ny gjennomføringsmodell som medfører oppdeling av prosjektgjennomføringa i fleire entreprisar og ber om at endeleg gjennomføringsmodell for SNR blir lagt fram for godkjenning i styremøte i mars.*
2. *Styret for Helse Møre og Romsdal HF gir si tilslutning til at entreprisane som er presentert i saka blir lyst ut, og at entreprisane som blir lyst ut før endeleg finansiering er vedteke blir lyst ut med atterhald om godkjenning av utvida låneramme frå Helse Midt-Norge.*

3. Kontrakts- og gjennomføringsmodell for akuttstjukehuset Hjelset

I styresak 02/21 blei det presentert alternative gjennomføringsmodellar, og i sak 13/21 ga styret i HMR si tilslutning til ny gjennomføringsmodell som medfører oppdeling av prosjektgjennomføringa i fleire entreprisar.

Prosjektstyret for SNR gjorde i sitt møte 16.02.21 følgjande vedtak om ny kontrakts- og gjennomføringsstrategi:

- 1. Prosjektstyret godkjenner utkastet til kontrakt- og gjennomføringsstrategi for akuttstjukehuset på Hjelset.*
- 2. Prosjektstyret anbefaler administrerende direktør i HMR at kontrakt- og gjennomføringsstrategien for akuttstjukehuset legges til grunn for ny gjennomføringsmodell.*
- 3. Prosjektstyret anbefaler administrerende direktør i HMR at prosjektstyret for SNR får fullmakter til å gjøre nødvendige endringer og justeringer innanfor hovedlinjene i besluttet gjennomføringsmodell.*

3.1 Føringer og særtrekk ved prosjektet

Prosjektet skal innafor styringsramma på 5 350 MNOK (tal i september 2020-kr.) etablere eit fullverdig akuttstjukehus på Hjelset med vedtekne funksjonar og kapasitet, samt spesialisthelsetenestefunksjonar som vedteke i DMS Kristiansund.

Bygging av akuttstjukehuset på Hjelset er eit stort og komplekst prosjekt. Optimalisert forprosjekt og funksjonsprosjektet er grunnlaget for det vidare arbeidet.

3.2 Marknad

Prosjektet vil leggje vekt på dialog med aktuelle marknadsaktørar for å sikre god konkurranse for dei ulike entreprisane. Storleiken på entreprisane er vurdert ut frå dei ulike marknadssegmenta prosjektet ønsker å nå, og opp mot marknaden sin fagvise spesialisering. Det fører til at nokre entreprisar er relativt små og tilnærma einfaglege, medan andre er større og inkluderar fleire fag. Det kan kome endringar i inndelinga av entreprisane etter dialog med marknaden.

3.3 Kontraktstype

Kontraktsstrategien er ei blanding av store og små entreprisar som legg godt til rette for at prosjektet kan trekkje til seg eit breitt spekter av aktørar for å sikre god konkurranse.

Basert på ei totalvurdering av pris, marknad og risiko, blir det anbefalt ein gjennomføringsmodell som inneber sidestilte entreprisar. Sidestilte entreprisar krev at byggherren koordinerer og styrer prosjektet, medan dei ulike entreprenørane har ansvar for sine spesifikke leveransar.

Gjennomføringsmodellen stiller store krav til byggherren. Sidestilte entreprisar krev ressursar som har både erfaring, struktur og gjennomføringsevne. Gjennomføringsstrategien krev ein tverrfagleg og godt samansatt byggherreorganisasjon som kan handtere prosjektet både i kontraherings- og gjennomføringsfasen. Prosjektorganisasjonen har god kompetanse på gjennomføring av denne type modell, men må styrkast både kompetanse- og ressursmessig innafor enkelte område. Det er iverksatt eit arbeid som sikrar at prosjektorganisasjonen har dei ressursane som er naudsynt for å gjennomføre prosjektet. Sykehusbygg HF har gjennom kontrakta med HMR ansvaret for at prosjektet har naudsynt kompetanse og ressursar. Tilbakemeldingane frå Sykehusbygg er at dei kan levere naudsynte ressursar til prosjektgjennomføringa.

3.4 Anskaffingar

Prosjektet legg opp til eit effektivt kontraheringsløp der storparten av entreprisane for akuttstjukehuset på Hjelset er kontrahert i 2021. Oppdelinga av anskaffingane kan bli justert på bakgrunn av tilbagemeldingar frå marknaden eller andre forhold som tilseier at ein må justre inndelinga av entreprisane. Førebels inndeling av entreprisane og tentativ plan for utlysing av desse er:

Entrepriseinndeling	Tentativt utlysingstidspunkt
Førebuaende riggarbeid(Skanska)	Igangsatt
Prosjekteringsgruppe	Lyst ut
Arkitekt	Lyst ut
Grunnarbeid	Lyst ut
Fundament, råbygg, tett bygg	Lyst ut
Sjøppelsug	Lyst ut
Kontorrigg med kantine og lomp	Mars 2021
Råbygg for teknisk bygg	Mars 2021
Heis	Mars 2021
Røyrpost	Mars 2021
AGV	Mars 2021
Storkjøkken og kantinekjøkken	Mars 2021
Rigg og drift	Våren 2021
Prefabrikerte spesialrom	Våren 2021
Psykiatribygg	I løpet av 2021
Innvendige arbeid	I løpet av 2021
Elektroentreprise	I løpet av 2021
Ventilasjon	I løpet av 2021
Varme, kjøling og sanitær	I løpet av 2021
Sprinklar	I løpet av 2021
SD / automasjon	I løpet av 2021
Elektroniske sikringsanlegg	I løpet av 2021
Medisinske gassar og trykkluft	I løpet av 2021
Varmepumpe	I løpet av 2021
Reservekraft	I løpet av 2021
Helipad	I løpet av 2021

4. Oppdatert mandat for prosjektstyret SNR

Gjeldande mandat for prosjektstyret SNR vart vedteke av styret i Helse Møre og Romsdal i styresak 24/19. Det er naudsynt å oppdatere mandatet for prosjektstyret sidan prosjektet får ny kontrakts- og gjennomføringsmodell, nye økonomiske rammer og for å sikre god eigarstyring.

Oppdatert mandat ligg som vedlegg til styresaka.

5. Prosjektoppfølgjing

HMR vil vere ein aktiv prosjekteigar i gjennomføringsfasen av akuttstjukehuset på Hjelset. Prosjektstyret for SNR er tilført ressursar med større lokal forankring og ny leiar av prosjektstyret. Oppfølgjing av framdrift, prognoseutvikling og risikostyring vil vere sentrale element i eigarstyringa

av prosjektet. Det vil vere månadleg rapportering frå prosjektet til adm. dir. i HMR som rapporterar vidare til styret i HMR. Det vil også bli gjennomført eigne dialogmøte mellom prosjektleinga og adm. dir. i HMR.

5.1 Framdriftsrapportering

Prosjektet sin framdrift er basert på status for dei ulike entreprisane og prosjektet si totale framdrift sett opp mot prosjektet sin framdriftsplan. Ved avvik frå opprinneleg plan vert kompensierende tiltak iverksatt. Når prosjektet har kontrahert dei største entreprisane vil ein leggje fram ei oppdatert framdriftsplan.

5.2 Prognosemodell

Prosjektet sin økonomiske utvikling vil i stor grad bli styrt på prognose som er basert på prosjektets kontrakts- og økonomistyring. For alle inngåtte kontraktar med entreprenørar vil det bli ein kontinuerleg oppdatering av økonomistatus. Total sluttprognose for prosjektet vil vere summen av:

- Prognosane for dei aktive entreprisekontraktane
- Avsatt budsjett for entreprisekontraktane og leveransar som ikkje er aktiv ennå
- Sluttsum avslutta kontraktar
- Øvrige påløpte kostnader
- Estimerte byggeherrekostnader

5.3 Risikostyring

Prosjektet vil vere eksponert for usikkerheit som kan påverke prosjektet sin måloppnåing. Usikkerheita skal i prosjektet håndterast proaktivt og målretta. Prosjektet har etablert plan for risikostyring der identifisering av risiko, gjennomføring av risiko- og sårbarhetsanalyser og iverksetting av risikoreduserande tiltak er sentrale element. Prosjektet har også ei oppdatert risikomatrise der ulike risikoar er identifisert, tiltak beskrive og ansvarleg for oppfølging er utnemnd.

5.4 Eigarstyring

God eigarstyring er ein grunnleggjande føresetnad for god prosjektgjennomføring. HMR utøvar sin eigarstyring på følgjande måte:

- Prosjektstyre for SNR med eige mandat
- Sentralt styringsdokument for prosjektet og andre styrande dokument
- Fullmaktsmatrise for prosjektet
- Rapporteringsrutinar
- Dialogmøte

6 Administrerende direktør si vurdering

Adm. direktør er oppteken av å sikre framdrift og ei god realisering av Sjukehuset Nordmøre og Romsdal, og er tilfreds med framdrifta med utlysing av nye entreprisar. Forslaget til ny gjennomføringsmodell vil sikre naudsynt framdrift og bygging av akuttsjukehuset på Hjelset.

Adm. direktør legg til grunn at eit samla prosjektstyret tilrår ein kontrakts- og gjennomføringsmodell som inneber oppdeling i sidestilte entreprisar.

Adm. direktør tilrår at prosjektstyret får fullmakt til å gjere nødvendige endringar og justeringar innfor hovudlinene i gjennomføringsmodellen. Ved større endringar i dei berande prinsippa for gjennomføringsmodellen skal endringane leggjast fram for styret for HMR for godkjenning.

Adm. direktør legg til grunn at Sykehusbygg HF sikrar at byggherreorganisasjonen blir styrka med naudsynt kompetanse og kapasitet for å sikre ein god gjennomføring av prosjektet.

Oppdatert mandat for prosjektstyret er etter adm. direktør si vurdering tilpassa ny kontrakts- og gjennomføringsmodell, nye økonomiske rammer og vil sikre god eigarstyring av prosjektet. Når oppdatert mandat er godkjend vil adm. direktør oppdatere prosjektet si fullmaktsmatrise.